



SJUR HAGA BRINGELAND
sjurhb@aol.com

KLASSISK MUSIKK



Ensemble Allegria er samansett av strykarar frå Musikkhøgskulen i Oslo. Her i Håkonshallen i Bergen. Foto: Festspillene i Bergen

Ungt og ubunde

Ensemble Allegria imponerer med sjølvstendige tolkingar.

CD

GRIEG, KVANDAL, GRÜNER-HEGGE, NYSTEDT:

Musikk for strykeorkester

ENSEMBLE ALLEGRIA. LAWO 2013.
Jamføringar (Grieg): Berliner Philharmoniker/Karajan (Deutsche Grammophon 1976). Oslo Camerata/Barrat-Due (Naxos 2006)



Edvard Griegs (1843–1907) *Fra Holbergs tid* blei skrive til Ludvig Holbergs tohundreårsdag i 1884. I dag er stykket mest kjent under namnet «Holberg-suiten», og sjølv om marknaden alt er metta av innspelningar, vel det unge Ensemble Allegria å opna debutalbumet sitt med det.

Korleis står debuten seg om me jamfører han med to gode standardinnspelningar?

POSITIVT PARADOKS

Ensemble Allegria er grunnlagt av strykarstudentar frå Noregs Musikkhøgskule. Dei er unge og difor ikkje fastgrodd i fikse framføringskonvensjonar, tolkingane har difor ein eigen friskleik ved seg. I Griegs suite får dei til å kombinera det beste av kvalitetar: det varme og runde som Herbert von Karajan og Berlinerfilharmonikarane gav oss på LP i 1970-åra, og den moderne strykarsnerten som pregar CD-en til Oslo Camerata som kom for nokre år sidan.

Grieg gav stykket undertittelen «Suite i gammel stil». Det gamle ligg i den barokke forma, med dansesatsar og

barokke melodimotiv (i alle høve det romantikaren Grieg meinte var barokt, noko som vel kan diskuteras). Det positive paradokset i Ensemble Allegrias prestasjon er at dei gjer denne gamalvorne musikken på ein moderne måte, mykje inspirert av måten gode barokkorkester spelar barokkmusikk på: Her er ingen umotiverte vibratoeskapadar, ikkje noko patetisk i dei kjenslesterke partia, og jamvel i dei snøggaste satsane er presisjonen mellom soloinstrument og akkompagnement akkurat.

EIGENPRESTASJON

Lydkvaliteten på CD-en er òg framifrå, betre enn på jamføringane. Solostemmene står for seg sjølv i lydbiletet, men utan at det svekkjer heilskapen. Eit godt døme er celloso-loen i sarabande-satsen, som med den individuelle og språk-nære melodiforminga si kling mest som ein god tenorsongar. Dette gjeld òg fiolinsoloen i rigaudon-satsen, som trass i høgt tempo og eldfull bogeføring ikkje kjem i utakt med resten av strykarane, noko me høyrer tendensar til i innspelinga med Oslo Camerata.

OVERRASKANDE er òg dei diskrete ornamenta fiolinen smykkar ut melodilina si med i denne satsen. I romantisk standardrepertoar, der det oftast er meir tale om reproduksjon enn eigenprestasjon, er det sjeldan me får høyra slikt. Meir av det!

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmedlar i Dag og Tid.

Pinleg

Politiske talar og smått med musikk. Festspillene med den nye direktøren Anders Beyer byrjar dårleg.

FESTSPEL

Opningsseremoni, Festspillene i Bergen

FESTPLASSEN I BERGEN, ONSDAG 22. MAI

«Skal vi på konsert, går vi på Koengen og hører aldrende rockestjerner. La oss heller ta steget i motsatt retning og besøke Grieghallen for å høre tidenes største rockemusiker, Ludwig van Beethoven», sa bergensordførar Trude Drevland i opningstalen sin på onsdag. Kven ho meinte med vi, var uklart, for det kan ikkje ha vore mynta på det pent kledde, trufaste festspillpublikumet.

Talen til Jens Stoltenberg var prega av pinlege pausar der han venta på applaus som ikkje kom. Bergensarane har grunn til å vera stolte av Festspillene sine, meinte han, men for å grunnge det, måtte han gripa til manuskriptet. Den annonserte «sam-talen» mellom Islands tidlegare president Vigdís Finnbogadóttir

og kulturminister Hadia Tajik var ingen samtale, men eit par noterte replikkvekslingar etterfylgd av to langetekkjelege politisk-historiske utgreingar. Fyrst om kvinnekamp og kultur på Island, så om kvinnekamp og kultur i Noreg. Interessant, men det har ingen ting i opningsseremonien til Nordens største musikkfestival å gjera.

SALMA HAYEK

Dei tre konferansierane frå teatersporttrioen Bergen Impro Laug freista å binda programmet saman og å vera morosame, til dømes ved å lata som om dei ikkje greidde å uttala namnet til Hadia Tajik og å seia det på tullemåtar. Tre av dei lange periodane med dauidt mellom innslaga blei fylte av ein sebra som dansa til ragtime-musikk.

KOR-KITSCH

Musikk var det elles minimalt med. Det musikalske høgdepunktet på programmet var Pauline Halls (1890–1969) marsj frå *Julius*



Daudtida mellom innslaga blei fylte ut av ein sebra som dansa til ragtime-musikk. Foto: Thor Brødreskift

Cæsar-suiten frå 1949 med Bergen Filharmoniske Orkester, som blei avlyst av di det var for kaldt. Dei burde ha tenkt på det før – er 13 grader for kaldt for eit utearrangement på Vestlandet i mai, bør ein ikkje planleggja det. Den klassiske gitartrioen som framførde *Baiao de Gude* av brasilianaren Paulo Bellinati (fødd 1950), var det einaste lyspunktet, medan komposisjonen *Murmuration*, der tre hundre barn medverka, var kor-kitsch på sitt verste.

Denne onsdagen var det to hundre år sidan Richard Wagner, den viktigaste operakomponisten i verdshistoria, blei fødd. Men dette er ingen merkedag for festspeldirektøren Beyer, som heller prioriterte sebra og scenefjas under opninga av dei 61. Festspillene i Bergen.

Galante trioar

CD

JOHANN GOTTLIEB GRAUN, CARL HEINRICH GRAUN:



Trios for Violin or Viola & Clavier

LES AMIS DE PHILIPPE; HAMMERKLAVER: LUDGER RÉMY. CPO 2013

I fyrste halvta av 1700-talet var residensbyen Dresden ein blømande by. Ikkje berre blei dei mange praktfulle bygningane som i dag pregar silhuetten, reiste, musikalsk var òg byen eit Mekka, noko som enda smerteleg med sjuårskrigen. Då prøyssarane drog seg attende i 1763, fylgde mange av dei beste komponistane med til Berlin, mellom dei brørne Johann Gottlieb Graun (1702–1771) og Carl Heinrich Graun (1703–1759). Fire av triosonatane deira har Ludger Rémy og ensemblet hans her fest på plate. To av dei merker seg ut: Klangleg interessant er *Trio i B-dur for bratsj og klaver*, for bratsjlyden blandar seg effektivt saman med mellomregistret til hammerklaveret. Som komposisjon er *Trio i h-moll for fiolin og klaver* best. Den mørke og alvorsame leten leier tankane våre over på Dresdens fall.



Brørne Graun verka i den rike saksisk-polske residensbyen Dresden, eit musikalsk mekka som enda smerteleg under sjuårskrigen. Foto: Wikimedia

Nok øvingstid

CD

LUDWIG VAN BEETHOVEN:



Missa in C

KAMMERCHOR STUTTGART, HOFKAPELLE STTTGART, DIR.: FRIEDER BERNIUS. CARUS 2013

«Likevel trur eg at eg har handsama teksten på ein måte han sjeldan er blitt handsama på», skriv ein sjølvskrytande Beethoven til forleggjaren sin i Leipzig. Med «handsama» meiner han korleis han har sett musikk til messeteksten i si *Messe i C-dur*, op. 86. Sjølvskryt kunne vel trengast, for urframføringa i Wien hadde vore ein katastrofe: Han leverte som vanleg komposisjonen altfor seint og muskarane fekk ikkje tid til å øva, så på konserten gjekk mykje skeis.

Dirigenten Frieder Bernius har hatt nok øvingstid med kammerkoret sitt i Stuttgart, og i denne fine innspelinga høyrer me kor makelaust god messa er. Beethoven nyttar framleis det wienerklassiske tonespråket, med håle yter som hjå Haydn. Men stundom overraskar han oss med ville modulasjonar og rustikt stampande rytmar, særleg i den frodige credo-satsen, som er eit lite meisterverk i seg sjølv og peikar fram mot den niande symfonien hans, «Kor-symfonien».



Beethoven-bysta i Pasqualatihuget i Wien, eit av dei tretti (sic) husa komponisten budde i under Wien-tida. Foto: Sjur Haga Bringeland